



Innkalling
av
Levekårsutvalet

Møtedato: 14.05.2019
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00

Eventuelle forfall må meldast til epost: Folkevalde@lindas.kommune.n
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det vert lunsj frå kl. 11.45

Sakliste

Saknr	Tittel
010/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
011/19	Godkjenning av møteprotokoll - 26.03.2019
012/19	NOU 2018: 16 Det viktigste først- høyringsuttale
013/19	Feriereiser for personar med store bistandsbehov
014/19	Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune - høyring
015/19	Kulturmidlar 2019 - hovudtildeling

3. mai 2019

Asle Hetlebakke
møteleiar

Nora Gjerde
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/19	Levekårsutvalet	PS	14.05.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	19/1064

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/19	Levekårsutvalet	PS	14.05.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	19/1064

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Levekårsutvalet - 12.02.2019

Møteprotokollen vert godkjent

Saksopplysningar:



Møteprotokoll for Levekårsutvalet

Møtedato: 12.02.2019
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 15.15

Orienteringar:

- Oppmoding om busetting av flyktningar i 2019 v/May Hundvin-avd.direktør NAV
- Status heildøgnspasser for eldre v/Kari Hesjedal avd.leiar Forvaltningskontor

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Asle Hetlebakke	KRF	Utvallsleiar
Sæbjørg Hageberg Kjeka	KRF	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Nestleiar
Anita Bakken	MDG	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Tove Linnea Brandvik	AP	Medlem
Ingeborg Myksvoll	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Laila Bjørge	SP	Ingeborg Myksvoll
Mette Marei Træland	AP	Tove Linnea Brandvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Atle Vaage-fagleiar drift Eigedom, Eileen Feste-Kst. Kultursjef, Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Inger Marie Jordal-prosjektleiar drift Eigedom, Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontor, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Leni Dale-kommunalsjef Helse- og sosial, Line Valle-Kst. einingsleiar Drift, Renate Tveiten-prosjektleiar Drift, Nora Gjerde Sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/19	Godkjenning av møteprotokoll

- 003/19 Rullering av handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 - ny behandling
- 004/19 Kulturmidlar 2019 - ramme for tildeling
- 005/19 Hall Ostereide Skisseprosjekt
- 006/19 Justering av kommunal planstrategi
- 007/19 Trafikksituasjon Eikanger skule
- 008/19 Vurdering av sanserom - Alversund skule
- 009/19 Endring av vedtekter for Skulefritidsordning i Lindås kommune

001/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

12.02.2019 LEVEKÅRSUTVALET

Vetlemøy Wergeland-Krf, ligg inne som medlem under Levekårsutvalet. Dette vert retta opp. Ellers ingen merknader.

LE - 001/19 VEDTAK:

Innkalling og saksliste vert godkjent

002/19: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

12.02.2019 LEVEKÅRSUTVALET

Sak 058/18 i forrige møte vart utsatt grunna ubeskvarte spørsmål. I framlegget burde det vore opplyst om at årsaka til dette var at saka ikkje hadde vore handsama i Idrettsrådet.

Elles ingen merknader.

LE - 002/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

003/19: Rullering av handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 - ny behandling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Punktet om årleg støtte til administrativ stilling i Lindås idrettsråd vert tatt ut då det pr i dag ikkje er ønskje frå idrettsrådet om å delta i finansiering av ein slik stilling.
- Tiltaket om årleg samhandlingskonferanse for idrett, oppvekst, Salto, Frivilligsentral, ungdomsklubber m fl har ikkje vore gjennomført. Samhandling mellom dei ulike aktørane må avklarast som del av organiseringa av Alver kommune. Rådmann sitt framlegg er at denne oppgåva vert overført Alver kommune
- Det er ikkje avsett midlar til å møte eventuelle nye miljøkrav knytt til kunstgrasbaner med gummigranulat. Saka teke opp i samband med økonomiplan våren 2019.
- Avsnitt 10 langtidsprogram – pkt 8, «11ar kunstgras Alversund», endres til «...val av plassering vert gjort i ny kommunedelplan for Knarvik-Alversund»
- Seim skyttarlag sitt prosjekt 15 m innandørs miniatyrbane på Lona skytebane vert tatt inn som nytt punkt 5 i handlingsprogrammet. Skyttarlaget har planlagt oppstart for byggjearbeidet hausten 2019.S

Søknad om spelemidlar er sendt med atterhald om at prosjektet vert tatt inn i handlingsprogrammet i rulleringa av idrettsplanen. Eventuelt kommunalt tilskot til prosjektet vert å koma attende til i arbeid med økonomiplanen

UR - 005/19 UTTALE:

Ungdomsrådet har ingen merknad.

11.02.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Orientering til saka v/Eileen Feste-Kst. einingsleiar Kultur

Ingen merknader.

RMNF - 003/19 UTTALE:

Ingen merknader.

12.02.2019 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Eileen Feste-Kst. Kultursjef:

Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:

Saka vert utsett i samråd med Idrettsrådets ønskje, ref brev frå leiar Maren K. S. Svendsen 13.02.2019. «Lindås Idrettsråd kan ikkje sjå at rulleringa av idrettsplanen er sendt ut i god tid slik at lag og klubbar i Lindås kommune som er underliggande organisasjonar av Lindås Idrettsråd har fått moglegheiter til å gje innspel/endingar til planen».

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Ø. Moldeklev-Frp)

Framlegg frå A. Hetlebakke-Krf:

Rådmannen sitt framlegg med endring i siste setning: "..vert å koma attende til i samband med handsaminga av 1. kvartalsrapport".

Framlegget vart samrøystes vedteke

LE - 003/19 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 12.02.2019:

Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Punktet om årleg støtte til administrativ stilling i Lindås idrettsråd vert tatt ut då det pr i dag ikkje er ønskje frå idrettsrådet om å delta i finansiering av ein slik stilling.
- Tiltaket om årleg samhandlingskonferanse for idrett, oppvekst, Salto, Frivilligsentral, ungdomsklubber m fl har ikkje vore gjennomført. Samhandling mellom dei ulike aktørane må avklarast som del av organiseringa av Alver kommune. Rådmann sitt framlegg er at denne oppgåva vert overført Alver kommune
- Det er ikkje avsett midlar til å møte eventuelle nye miljøkrav knytt til kunstgrasbaner med gummigranulat. Saka teke opp i samband med økonomiplan våren 2019.

- Avsnitt 10 langtidsprogram – pkt 8, «11 ar kunstgras Alversund», endres til «...val av plassering vert gjort i ny kommunedelplan for Knarvik-Alversund»
- Seim skyttarlag sitt prosjekt 15 m innandørs miniatyrbane på Lona skytebane vert tatt inn som nytt punkt 5 i handlingsprogrammet. Skyttarlaget har planlagt oppstart for byggjearbeidet hausten 2019.S

Søknad om spelemidlar er sendt med atterhald om at prosjektet vert tatt inn i handlingsprogrammet i rulleringa av idrettsplanen. Eventuelt kommunalt tilskot til prosjektet vert å koma attende til i i samband med handsaminga av 1. kvartalsrapport.

004/19: Kulturmidlar 2019 - ramme for tildeling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet sluttar seg til rådmannens framlegg om ramme for kulturmidlar 2019.

KATEGORI	RAMME 2018	RAMME 2019
Idrett	836.000	836.000
Kunstformidling- og musikk	618.000	618.000
Barn- og ungdom	408.000	408.000
Andre aktivitetstilbod	220.600	220.600
Kulturvern- og samlingar	205.000	205.000
Hausttildeling	50.000	50.000
TOTALT	2.337.600	2.337.600

Søknadsfrist for søknad om tilskot til aktivitet- og prosjekt hausten 2019, vert endra frå 01. september til 04. august og blir behandla i Levekårsutvalets siste møte 17. september.

12.02.2019 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Eileen Feste-Kst. Kultursjef:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 004/19 VEDTAK:

Levekårsutvalet sluttar seg til rådmannens framlegg om ramme for kulturmidlar 2019.

KATEGORI	RAMME 2018	RAMME 2019
Idrett	836.000	836.000
Kunstformidling- og musikk	618.000	618.000
Barn- og ungdom	408.000	408.000
Andre aktivitetstilbod	220.600	220.600
Kulturvern- og samlingar	205.000	205.000
Hauuttildeling	50.000	50.000
TOTALT	2.337.600	2.337.600

Søknadsfrist for søknad om tilskot til aktivitet- og prosjekt hausten 2019, vert endra frå 01. september til 04. august og blir behandla i Levekårsutvalets siste møte 17. september.

005/19: Hall Ostereide Skisseprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Alternativ 1: Kommunestyret vedtar å auke investeringsramma for hall Ostereidet til kr 86,2 mill, i tråd med kostnadsoverslag i skisseprosjektet.
- Alternativ 2: Kommunestyret vedtar å avvente vidare framdrift for investeringsprosjektet hall Ostereidet fram til områdeplan for Ostereidet er vedtatt . Investeringsprosjektet blir planlagt i tråd med føringane som vert lagt i områdeplanen når denne er vedtatt.

06.02.2019 UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet er samrøystes samd i at kommunen bør gå for alternativ nr 1 .

Dette er eit prosjekt som har pågått lengje, og ungdomsrådet har vore involvert i prosjektet på fleire måtar.

Ungdomsrådet er redd for at ein utsetting kan verta langvarig, og vil difor at kommunen held på opphavleg fremdriftsplan.

UR - 003/19 UTTALE:

Ungdomsrådet er samrøystes samd i at kommunen bør gå for alternativ nr 1 .

Dette er eit prosjekt som har pågått lengje, og ungdomsrådet har vore involvert i prosjektet på fleire måtar.

Ungdomsrådet er redd for at ein utsetting kan verta langvarig, og vil difor at kommunen held på opphavleg fremdriftsplan.

11.02.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Orientering til saka v/Line M. Valle-Kst. einingsleiar Eigedom og Renate Fossdal Tveiten-prosjektleiar.

Ingen merknader.

RMNF - 006/19 UTTALE:

Ingen merknader.

12.02.2019 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Line Valle-Kst.einingsleiar Eigedom og Renate Tveiten-prosjektleiar

Rådmannen sitt framlegg alternativ 1 fekk 1 røyst og fall (Ø.Moldeklev-Frp)

Rådmannen sitt framlegg alternativ 2 fekk 1 røyst og fall (O. Steinsland-H)

Framlegg frå Sp/Ap/Krf:

1. Osterhallen skal realiserast innanfor den kostandsramma som er sett i øknomiplanen og den vedtekne framdriftsplanen. Hallen skal byggjast på eiga tomt.
2. Hallen skal integrerast med eksisterande idrettsbygg, og doble funksjonar skal unngåast så langt råd er.
3. Hallen skal tilfredsstille krava for tildeling av spelemidlar.

Framlegget vart vedteke med 7 røyster (Sp, Ap, Krf, Mdg)

LE - 005/19 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 12.02.2019:

1. Osterhallen skal realiserast innanfor den kostandsramma som er sett i øknomiplanen og den vedtekne framdriftsplanen. Hallen skal byggjast på eiga tomt.
2. Hallen skal integrerast med eksisterande idrettsbygg, og doble funksjonar skal unngåast så langt råd er.
3. Hallen skal tilfredsstille krava for tildeling av spelemidlar.

006/19: Justering av kommunal planstrategi

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret justerer kommunal planstrategi slik det går fram i saka.

12.02.2019 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Hogne Haugsdal-ass.rådmann
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 006/19 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 12.02.2019:

- Kommunestyret justerer kommunal planstrategi slik det går fram i saka.

007/19: Trafikksituasjon Eikanger skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek å setje av 2,5 millionar kroner til trafikksikringstiltak ved Eikanger skule.

.....

11.02.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal- prosjektleiar Drift eigedom
Ingen merknader.

RMNF - 004/19 UTTALE:

Ingen merknader.

12.02.2019 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjektleiar drift Eigedom
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 007/19 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 12.02.2019:

Kommunestyret vedtek å setje av 2,5 millionar kroner til trafikksikringstiltak ved Eikanger skule.

008/19: Vurdering av sanserom - Alversund skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Planløyisinga på ny Alversund skule vert ikkje endra grunna vurdering av sanserom i plan 2. Det vil vere mogleg å omdisponere anna areal og etablere eit sanserom på eit seinare tidspunkt.

11.02.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal- prosjektleiar Drift eigedom
Ingen merknader.

RMNF - 005/19 UTTALE:

Ingen merknader.

12.02.2019 LEVEKÅRSUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 008/19 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 12.02.2019:

Planløyisinga på ny Alversund skule vert ikkje endra grunna vurdering av sanserom i plan 2. Det vil vere mogleg å omdisponere anna areal og etablere eit sanserom på eit seinare tidspunkt.

009/19: Endring av vedtekter for Skulefritidsordning i Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vedtektene for Skulefritidsordning i Lindås kommune blir justert med følgjande endring i § 5:
Foreldrebetaling: Elevar på 5.-7. trinn med omfattande behov for tilsyn er fritatt for foreldrebetaling.

12.02.2019 LEVEKÅRSUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 009/19 INNSTILLING:

Innstilling i Levekårsutvalet - 12.02.2019:

Vedtektene for Skulefritidsordning i Lindås kommune blir justert med følgjande endring i § 5:

Foreldrebetaling: Elevar på 5.-7. trinn med omfattande behov for tilsyn er fritatt for foreldrebetaling.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Ungdomsrådet	PS	
011/19	Eldrerådet	PS	14.05.2019
012/19	Levekårsutvalet	PS	14.05.2019
016/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	13.05.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Pia Charlotte Aarsand Syversen	19/1326

NOU 2018: 16 Det viktigste først- høyringsuttale

Vedlegg:

NOU 2018_ 16 Det viktigste først (2)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Eldreråd,Levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet.

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Dei som tek avgjerder i helse- og omsorgstenestene må ofte ta vanskelege avgjerder der dei må prioritere mellom ulike tenesteområde, brukarar og pasientar. Prinsipp for prioritering gir kjørereglar for desse vala. Dersom prinsippa ikkje er tydelege vil fordelinga av helse- og omsorgstenestene bli meir tilfeldig og målet om likeverdig tilgang vil vere vanskelegare å oppnå. Prinsippa for prioritering skal bidra til at ressursane brukast der dei gir størst nytte, og

på dei som treng det mest.

Regjeringa oppnevnte i 2017 eit utval som i mandatet er beden om å vurdere om prinsippa som gjeld for spesialisthelsetenesta, også kan nyttast i den kommunale helse- og omsorgstenesta og det offentleges ansvar for tannhelsetenester. Kriteria som gjeld for spesialisthelsetenesta i dag er nytte, ressurs og alvorlegheit. Prinsipp for prioritering må forstås som skildring og anvending av kriteria. Det blir skilt mellom prioriteringar på høvesvis fagleg og administrativt/politisk nivå. Utvalet understrekar at dei ulike nivåa ikkje er uavhengige av kvarandre og at dei må bli sett i samanheng.

Prioriteringsavgjerder på fagleg nivå dreier seg om avgjerder når pasienten/brukaren har behov for akutt hjelp, vurderingar om tildeling av tenester og vurderingar om behandling, oppfølging og tiltak retta mot enkeltpasientar eller brukarar og mindre grupper av pasientar/brukarar.

Prioriteringar på politisk nivå og administrativt nivå dreier seg om fordeling av ressursar innan helse- og omsorgstenesten, og mellom helse- og omsorgstenesten og dei øvrige sektorane kommunen har ansvaret for. Ressursar må fordelast mellom ulike formål. Helse- og omsorgspersonell må ta vanskelege avgjerder som handlar om å prioritere mellom ulike brukarar/pasientar og prioritere kva type tiltak som skal bli sett i verk.

Mange pasientar vil gjennom sitt sjukdomsforløp motta tenester frå både den kommunale helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta. Prioritering i heile helse- og omsorgstenesta bør difor prioriterast på dei same prinsippa. Utvalet meiner at hovudkriteria som i dag ligg til grunn i spesialisthelsetenesta; nytte, ressurs og alvorlegheit, og er eigna for prioriteringar i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Utvalet foreslår følgjande kriterium:

Nytterkriteriet:

Eit tiltaks prioritet aukar med den forventa nytten av tiltaket. Den forventa nytten av eit tiltak blir vurdert ut i frå om kunnskapsbasert praksis seier at tiltaket aukar sannsynet for:

- Overleving eller redusert funksjonstap.
- Fysisk eller psykisk funksjonsforbetring.
- Reduksjon av smerter, fysisk eller psykisk ubehag.
- Auka fysisk, psykisk og sosial meistring.

Ressurskriteriet:

Eit tiltaks prioritet aukar dess mindre ressursar det legg beslag på. Ressurskriteriet skal ikkje brukast aleine, men saman med dei to andre hovudkriteria for prioritering.

Alvorlegheitskriteriet:

Eit tiltak sin prioritet aukar i tråd med alvorlegheita av tilstanda. Kor alvorleg ein tilstand er vurderast ut i frå:

- Risiko for død eller funksjonstap.
- Graden av fysisk eller psykisk funksjonstap.
- Smerter, fysisk eller psykisk ubehag.

- Graden av fysisk, psykisk og sosial meistring.

Kriteria bør danne eit naturleg grunnlag for prioriteringsavgjerdar på alle nivå i helse- og omsorgstenesta, frå politisk og administrativt nivå til fagleg nivå, det vil seie i helse- og omsorgspersonellet sitt møte med pasient og brukar.

Utvalet meiner det er relevant å ta omsyn til konsekvensar i andre sektorar når ressursbruk eller ressursbesparing direkte kan bli knytta til tiltak i helse- og omsorgssektoren. Det vil kunne vere tiltak som blir gjennomført i den kommunale helse- og omsorgstenesta som blir motivert av og påverker ressursbruk i andre kommunale sektorar.

Det er i liten grad undersøkt om dagens finansieringsmodellar i helse- og omsorgssektoren byggjer opp om riktige prioriteringar. Difor meiner utvalet at det bør bli gjort ein gjennomgang av finansieringsordningane for å sjå om dei støttar opp om prioritering i henhold til prinsippa.

Vidare meiner utvalet at det bør bli utarbeidd nasjonale prioriteringsveileddarar som skildrar korleis nytte og alvorlegheitskriteriet normalt skal tolkast ved tildeling av vedtaksbaserte kommunale tenester. Prioriteringsprinsippa bør også bli lagt til grunn når nasjonale faglege retningslinjer og veileddarar vert utarbeidd og revidert.

Vurdering

«NOU 2018: 16 Det viktigste først» peiker på viktige utfordringar når det gjeld prioritering i helse- og omsorgstenesta. Lindås kommune støttar forslaga til kriterium for prioritering i den kommunale helse- og omsorgstenesta og for offentleg finansierte tannehelsetenester som er presentert. Utvalet peikar på viktige punkt i denne samanheng:

-Utvalet meiner det bør bli gjort ein gjennomgang av om finansieringsordningane støttar opp om prioritering i henhold til prinsippa. Utvalet presiserer at i ein slik gjennomgang bør også regelverk knytt til eigendelar bli inkludert.

-Riktige prioriteringar krev god avgjerdsstøtte. Det bør bli utarbeidd nasjonale prioriteringsveileddarar som skildrar korleis nytte- og alvorlegheitskriteriet normalt skal bli tolka ved tildeling av vedtaksbaserte kommunale tenester.

-For å støtte opp om og veilede kommunane i avgjerder som gjeld grupper av pasientar eller brukarar, foreslår utvalet at det blir oppretta eit nasjonalt kompetansemiljø som kommunane og fylkeskommunane kan støtte seg til i det praktiske prioriteringsarbeidet.

Lindås kommune har i tillegg følgjande kommentarar til NOU 2018:16:

- [1. Konsekvensane av manglande tilbod om sengeplass](#)
- [2. Førebygging, behandling, rehabilitering og meistring i kommunen](#)
- [3. Avgjerder i spesialisthelsetjenesta skal ikkje gje konsekvensar for kommunane](#)
- [4. Krav fremma av andre hensyn påverkar prioritering i kommunane sine helse- og](#)

omsorgstenester.

5. Fokus på enkeltsaker kan påvirke prioritering

6. Rettleieing til spesialisthelsetenesta.

7. Økonomiske og administrative konsekvensar

1. Konsekvensane av manglande tilbod om sengeplass

I innleiinga til Kapittel 10 «Hva skiller prioriteringer i den kommunale helse- og omsorgstjenesten fra spesialisthelsetjenesten?», skriv utvalet:

«Tjenestene har vidare til felles at dei som tek avgjerder både i spesialisthelsetjenesten og i den kommunale helse- og omsorgstjenesten ofte må ta vanskelige avgjerder som handler om å prioritere mellom ulike brukere og pasienter. Ressurser må fordeles mellom ulike formål, et gitt antall sengeplasser på sykehus eller sykehjemsplasser må fordeles til de som trenger det mest, og ansatte må disponere dagen til det beste for pasienter og brukere».

Når ein pasient som blir tilvist frå kommunehelsetenesta, ikkje blir prioritert til ein sengeplass i sjukehuset, er det kommunen som må gi eit tilbod og følgje pasienten opp. Det er også kommunen sjølv som må sørge for forsvarlege helse- og omsorgstenester til dei som ikkje får plass i ein seng på sjukehus.

2. Førebygging, behandling, rehabilitering og meistring i kommunen

I kapittel 10: «Hva skiller prioriteringer i den kommunale helse- og omsorgstjenesten fra spesialisthelsetjenesten?» blir det peikt på viktige skilnadar mellom kommunane sin helse- og omsorgsteneste og spesialisthelsetenesta. Kommunane har eit breitt samfunnsoppdrag.

I Kapittel 10.2.1 «Mestring» skriv utvalet:

«Satt på spissen kan man si at mens målet for spesialisthelsetjenesten er å gjøre pasientene så friske som mulig, vil den kommunale helse- og omsorgstjenesten ofte ha som mål å sette pasientene/brukerne i stand til å leve godt med den tilstanden de har».

Dei aller fleste pasientar og brukarar som får eit helse-, pleie og omsorgstilbod i kommunane er ikkje i kontakt med spesialisthelsetenesta for det aktuelle sjukdomstilfellet.

Dei fleste innbyggjarane oppsøker sin fastlege jamleg, og målsettinga for konsultasjonane er å bidra til at pasientane blir så friske som mogleg. Målsettinga for store deler av pleie- og omsorgstenestene er det same: tidsavgensa heimesjukepleie og/eller korttidsopphald i

sjukehem i eit sjukdomsforløp. I tillegg er det sjukdommar og forverringar som oppstår også i langvarige pleie- og omsorgsforløp, som blir behandla i kommunehelsetenesta med formål om å «gjøre pasientene så friske som mulig». I tillegg vil kommunale helse- og omsorgstenester ha som mål å bidra til at pasientane/brukarane kan meistre å leve med sin tilstand. Kommunane kan ikkje «skrive ut» pasienten til andre, og har eit tilbod i heile forløpet: førebygging, diagnostisering, behandling, rehabilitering, og pleie- og omsorg, inkludert palliasjon (lindrande behandling).

3. Avgjerder i spesialisthelsetjenesta skal ikkje gje konsekvensar for kommunane

I Kapittel 12.3 «Beslutninger i spesialisthelsetjenesten får konsekvenser for kommunene» kan ein lese:

«I tråd med samhandlingsreformen er flere og mer avanserte oppgaver blitt lagt til den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Blant annet har kommunene fått en plikt til å etablere et tilbud om øyeblikkelig hjelp i kommunene».

Det er ikkje avgjerder i spesialisthelsetenesta som fører til at oppgåver blir lagt til kommunane. Kommunalt tilbod om øyeblikkeleg hjelp døgnplassar er lovbestemt. Det er kommunane sjølv som avgjer korleis dei vil innrette tilbodet, og dette er eit reint kommunalt ansvar på linje med andre kommunale helse- og omsorgstenester.

Helse- og omsorgstjenestelova §6 og spesialisthelsetjenestenslova § 2-1 e seier at kommunane og helseføretaka skal inngå ein avtale som mellom anna skal omhandle «enighet om hvilke helse- og omsorgsoppgaver forvaltningsnivåene er pålagt ansvaret for og en felles oppfatning av hvilke tiltak partene til enhver tid skal utføre». Avtalepartane skal vere likeverdige. Dersom spesialisthelsetenesta sett i verk endringar som påverkar kommunane utan at det er avtalt, er det i strid med lovparagrafane. Det er likevel spesialisthelsetenesta som tek avgjerd om når ein pasient er «utskrivingsklar», men spesifikke krav skal vere oppfylt før ein slik avgjerd. Utskriving av for sjuke pasientar gir kommunane ekstra oppgåver, og det er naudsynt at spesialisthelsetenesta syter for at alle som tek avgjerd om at ein pasient som treng kommunale tenester er utskrivingsklar, kjenner til kriteria som er gitt i [«Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter» § 9 punkt a-e](#).

I Kapittel 12.5 «Avansert og kostbar teknologi og legemidler», blir det skildra korleis tiltak som blir sett i verk i spesialisthelsetenesta får økonomiske konsekvenser for kommunane. Dersom samarbeidsavtalen mellom kommune og spesialisthelseteneste blir etterlevd, vil kommunane delta i planlegging av tiltak som vil bli vidareført etter utskrivning.

4. Krav fremma av andre hensyn påverkar prioritering i kommunane sine helse- og omsorgstenester

Fråværsregelen i vidaregåande skule har etter alt å døme ført til auka press på fastlegane og auka konsultasjonar for 16-18-åringar (<https://tidsskriftet.no/2017/08/originalartikkel/legesokning-og-legemiddeluttak-etter-innforing-av-nye-fravaersregler>).

Vi må rekne med at dette har påverka tilgangen til allmennlegetenester for andre pasientgrupper, og dette påverkar ressursane i fastlegetenesta, og prioriteringane har blitt endra. Redusert kapasitet hos fastlegane kan ein forvente å særleg gå ut over dei pasientane som ikkje sjølv lett oppsøker eller etterspør allmennlegetenester.

5. Fokus på enkeltsaker kan påverke prioritering

I Kapittel 17.3 «Medienes rolle» blir det peika på at fokus på enkeltsaker kan bidra til å undergrave målet om ei riktig fordeling av helseressursane:

«Ved at noen saker blir et tema i mediene, settes en dagsorden som er med på å prege offentlig debatt og politiske utspill. Saker som settes på medienes dagsorden, får oppmerksomhet og blir derfor definert som relevante, viktige og aktuelle. I prioriteringssammenheng skaper dette en utfordring fordi mediene ved å fokusere på lett salgbare enkeltsaker, kan bidra til å undergrave målet om en riktig fordeling av helseressursene».

I tillegg kan pårørende og/eller brukarar sjølv nokon gongar ta direkte kontakt med politikarar, med forventning om at det skal påverke korleis deira sak blir prioritert.

6. Rettleiing til spesialisthelsetenesta

I Kapittel 18.4.2 «Henvisningsveiledere» er det fokus på rettleiing til kommunehelsetenesta når det gjeld tilvising til spesialisthelsetenesta. Det er grunn til å peike på at det er eit minst like stort behov for rettleiarar for spesialisthelsetenesta om korleis dei skal «tilvise» pasientar til kommunehelsetenesta. Ei utskriving av ein pasient som treng kommunale helse- og omsorgstenester kan vere eit døme på ei slik «tilvising».

For tidlege utskrivingar av for sjuke pasientar fører til ei dreining av tilbodet i kommunane. Det påverkar kommunane sine prioriteringar når ressursar blir styrt inn mot pasientar som eigentleg høyrer heime i sjukehus. Desse pasientane blir ofte innlagd i sjukehus igjen etter kort tid, og det kan vere både ei belastning og kan bidra til helseisiko for pasientane. Erfaringar frå mange kommunar er at ulike sjukehusavdelingar forstår begrepet «*utskrivingsklar*» forskjellig, og krava for når ein pasient kan bli definert som utskrivingsklar etter *Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter*, er truleg ikkje godt nok kjent i spesialisthelsetenesta. «Utskrivingsveiledere» utforma for å kvalitetssikre det viktige arbeidet med overføring av pasientar frå sjukehus til kommunale helse- og omsorgstenester

blir stadig viktigare ettersom vi får færre sjukehussenger, kortare liggetid og fleire pasientar med samansette sjukdomstilstandar.

7. Økonomiske og administrative konsekvensar

I Kapittel 19 «Økonomiske og administrative konsekvenser» blir det konkludert med at: «Samlet sett forventes ikke forslaget å føre til endringer i det samlede ressursbehovet for kommunene eller fylkeskommunene.»

Denne konklusjonen kjem overraskande etter at utvalet har sagt at: «Forslag til regulering av kriterier for prioritering for den kommunale helse- og omsorgstjenesten, for den offentlige tannhelsetjenesten og for helse- og omsorgspersonells rettigheter og plikter vil kunne medføre noen kostnader for kommuner og fylkeskommuner. Dette vil gjelde opplæring, veiledning og andre engangskostnader knyttet til å tilpasse seg regelverksendringene.» Dei forventar ein meir effektiv bruk av ressursane sidan «kommunesektoren får et klart mandat til å prioritere i samsvar med de foreslåtte prinsippene for prioritering.» Utvalet har ikkje begrunna dette nærmare.

Ofte ser vi at kommunane får nye oppgåver som ikkje blir finansiert fullt ut. Dersom kommunane får fleire oppgåver i ulike sektorar, utan tilstrekkeleg finansiering, vil dette auke problema med prioritering mellom sektorane.

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Ungdomsrådet	PS	
013/19	Eldrerådet	PS	14.05.2019
015/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	13.05.2019
013/19	Levekårsutvalet	PS	14.05.2019
	Formannskapet	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Leni Dale	17/86

Feriereiser for personar med store bistandsbehov

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka vert teke til orientering.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Ungdomsrådet, Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Retningslinjer for ferie og feriereiser for mottakarar av helse- og omsorgstenester i Lindås kommune vart gitt som orientering til formannskapet 28.03.2019. Det vart bedt om ei utgreiing om korleis Bergen kommune sine retningslinjer er og korleis konsekvensane vil verte ved bruk av desse retningslinjene i Lindås kommune.

Det vart gjort følgjande vedtak: *Formannskapet ber om sak til neste møte jf. Bergen kommune ansatt ledsager kommune på feriereiser for personer med store bistandsbehov. (028/19)*

Vurdering

Rutinene til Bergen kommune gjeld for feriereiser med overnatting for personar med medfødt funksjonsnedsetting eller tidleg erverva skade og store bistandsbehov.

Gjeld personar som bur i bufellesskap, eigen bustad eller foreldreheim. I målgruppa er personar med for eksempel utviklingshemming eller andre store og samansette funksjonsnedsettingar. Gjeld ikkje for andre mottakarar av helse- og omsorgstenester.

Kriteria og vilkår:

Gjeld for personar med medfødd funksjonsnedsetting eller tidleg erverva skade og store bistandsbehov og som må ha ledsagar for å kunne reise på ferie.

I tillegg må personen vera over 18 år og busett og folkeregistrert i Bergen kommune.

Søknadsprosess:

Vergje eller pårørande må ta initiativ til å planlegge ferie saman med tenestemottakar. Hvis det er ønskeleg at tilsette i Bergen kommune skal delta på reisa, må ein tidlegast muleg kontakte leiar for tenestestaden for planlegging av feriereisa. Leiar undersøker om tilsette ønskjer å delta på feriereisa, og kor mange tilsette som eventuelt må delta på reisa for at den kan bli gjennomført på ein forsvarleg måte. Leiar gjev skriftleg tilbakemelding til vergje eller pårørande om det er muleg for tilsette å vera ledsagar og reknar ut kostnaden.

Det skal inngås ein skriftleg avtale om dekking av reiseutgifter..

Alle meirkostnader ved reisa skal dekkast av tenestemottakar. Dette inkluderer kostnader utover grunnbemanning, reise og opphold for tilsette.

Reisa bør planleggast i god tid for å sikra at utgifta blir foruseieleg for tenestemottakar og samstundes kunne ta ivare arbeidsgivar sitt behov for kvalitetssikring av tilbodet til både den reisande og dei ev. gjenverande bebuarane. Dersom reisa fører til endring i tilsette sin arbeidsplan skal reisa vera godkjent av leiar seinast 1 måned før avreise.

I samband med feriereiser er det ikkje tillete at tilsette opparbeider seg meirtid utover godkjent turnus.

Tilsette må sjølv ønskje å vera med på feriereisa.

Permisjon utan lønn eller bierverv med det formål å gjennomføra feriereiser vert ikkje innvilga.

Ved feriereiser med varigheit over 5 veker vil ikkje tilsette kunne delta som ledsagar.

Lover og retningslinjer:

Det er ikkje ei lovpålagt teneste å ha kommunalt tilsette med som ledsagar på feriereiser.

Dersom Bergen kommune ikkje kan stille med ledsagar på ei reise, er brukar ikkje hindra frå å reise. Ved reiser i Noreg er det opphaldskommunen som har ansvar for å gje nødvendige pleie- og omsorgstenester. Dette gjeld også personer som er på ferie i kommunen. Alle kan på eige initiativ reise der dei vil, når dei vil. Kommunen rår alle som har bistandsbehov og som ønskjer å reisa til andre kommunar om å søkje tenester i den kommunen ein skal besøkje i god tid på førehand.

Feriemidlar:

Bergen kommune set av pengar til feriemidlar kvar år, så langt det er muleg. Beløpet vert fordelt ein gong i året. Beløpet den enkelte får er avhengig av kor mange det er som søkjer og kor mange ledsagarar det er som skal vera med på alle feriereisene.

Det vert gitt ca. kr 2500 kr i støtte per ledsagar, men dette er eit vegleiande beløp som blir justert i forhold til tal s kjarar og det totale tal ledsagarar som skal vera med p  feriereisene.

Kor mange ledsagarar ein kan f  tilskot for, er avhengig av kor mange overnattingar ein har p  reisa.

- 1) Ved ferie med 1 - 3 overnattingar er det muleg   f  tilskot for inntil 3 ledsagarar.
- 2) Ved ferie med minst 4 overnattingar er det muleg   f  tilskot for inntil 4 ledsagarar.
- 3) Ved ferie med minst 6 overnattingar er det muleg   f  tilskot for inntil 5 ledsagarar.

Organisert ferietilbod tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming:

Byr dsavdeling for helse og omsorg tilrettelegg og organiserer ferietilbod for vaksne utviklingshemma busett i Bergen. Tilbodet f reg r i juli m ned.

M lgruppa er utviklingshemma som kan reise utan at det er med fagkompetente ledsagarar og v ken nattevakt. Bergen kommune stiller med ledsagarar. Deltakarane betaler ein eigenandel som dekker eigen reise, aktivitetar, forpleining og opphald. Bergen kommunen dekker ledsagarane sine utgifter og honorarer.

Konsekvensar ved bruk av tilsvarande retningslinje i Lind s kommune

Ha med kommunal ledsagar/ tilsette p  feriereisa:

Dette kan organiserast med god planlegging og avtalar med tillitsvalde. Det vil vera behov for s knad i god tid for planlegging av forsvarlege tenester p  reisa og elles i tenesta og for godkjenning av arbeidsplanar for tilsette.

Feriemidlar:

I Lind s kommune er det pr. idag i same m lgruppe som Bergen kommune har retningslinjer for, om lag 26 personar som vil ha behov for eiga fagpersonell p  ferieturar. Dersom ein reknar ca. kr. 2500,- pr ledsagar og eit snitt p  tilskot for inntil 4 ledsagarar pr.person, vil dette utgjere kr. 260.000,- pr. r.

Organisert ferietilbod tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming:

Pr. i dag har Lind s kommune 64 utviklingshemma som mottek tenester fr  kommunen. Dersom ein trekkjer fr  dei som vil ha behov for eiga fagpersonell, er det 38 personar som vil kunne vurderast for   kunna reise p  tur utan at det er med fagkompetente ledsagarar og v ken nattevakt. Kostnaden for denne type organisert ferietilbod er sj lvsagt avhengig av kor mange som er med p  turen og kvar ein reiser.

Eit eksempel:

1 veker opphald for 20 personar med 10 ledsagarar vil gi ein ca. kostnad p  kr. 170.000,- for reise-, opphalds-, og l nsutgifter til ledsagarar.

Det vil vera behov for n rre utgreiing for konkretisering av kostnader og utarbeiding av retningslinjer f r eit evt tiltak kan setjast i verk.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
017/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	13.05.2019
012/19	Eldrerådet	PS	14.05.2019
	Ungdomsrådet	PS	
014/19	Levekårsutvalet	PS	14.05.2019
	Plan- og miljøutvalet	PS	
	Formannskapet	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	19/1

Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune - høyring

Vedlegg:

Reglement - Alver - til uttale
Vedlegg - matrise

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

.....

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, levekårsutvalet, plan- og miljøutvalet og formannskapet

Bakgrunn

Saksutgreiing med vedtak i fellesnemnda sak 016/19 Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune:

Prosjektgruppa sitt framlegg til vedtak:

Fellesnemnda tek framlagt sak om Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune til orientering.

Saka blir sendt på høyring til utvala i Lindås, Meland og Radøy med svarfrist innan 12.05.19

Endeleg innstilling i saka vil bli lagt fram i Fellesnemnda sitt møte 03.06.2019.

Fellesnemnda Alver 01.04.2019:

Handsaming:

Orientering frå prosjektgruppa ved leiar Kenneth Murberg og nestleiar Leif Hosøy Sleire.

Framlegg som prosjektgruppa med følgjande endring Frå N.M.Aadland-H

Meland:

Saka blir sendt på høyring til utvala og dei politiske partia i Lindås, Meland og Radøy med svarfrist innan 20.05.19

Prosjektgruppa sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke

FA- 016/19 Vedtak:

Bakgrunn for saken:

Fellesnemnda vedtok prosjektmandat for politisk styringsstruktur og lokaldemokrati 12.03.2018.

Det vart vald ei prosjektgruppe som hadde som hovudmål med å utgreie og koma med framlegg om politisk organisering og struktur for Alver kommune.

Prosjektgruppa:

Leiar Kenneth Taule Murberg – H, Radøy

Nestleiar Leif Hosøy Sleire – Krf, Lindås

Anne Grete Eide – Ap, Meland

Marit Samnøy Jøssang – Krf, Meland

Sveinung Toft – V, Lindås

I framlegget frå prosjektgruppa ligg intensjonsavtalensitt punkt 6.demokratimodellen til grunn for den politiske organiseringa.

Prinsippet om gjennomgåande representasjon ligg til grunn for val av formannskap og faste utval.

*Det som no vert lagt fram frå prosjektgruppa er:
reglement for kommunestyre, formannskap, utval og råd.*

Budsjettreglement

Prosjektstyring

Rapportering frå rådmann

Etiske retningsliner

Delegering til rådmann

Arbeidsvikår og godtgjersle til folkevalde

Prosjektgruppa har hatt ein gjennomgang av reglement for kommunar tilsvarende Alver i tillegg til gjeldande reglement for Radøy, Meland og Lindås.

Ved rullering av reglementet rår prosjektgruppa til å redusere tal medlemmar i kommunestyret.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/19	Levekårsutvalet	PS	14.05.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	19/52

Kulturmidlar 2019 - hovudtildeling

Vedlegg:

2310 Barn og unge3750 KULTURVERN OG SAMLINGER3770 KUNSTFORMIDLING OG MUSIKK3850
ANDRE KULTURAKTIVITETER (3)3800 Idrett

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet vedtek rådmannens sitt framlegg om tildeling av kulturmidlar 2019 – hovudtildeling.

Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

Bakgrunn

Dei kommunale kulturmidlane har som målsetjing å styrkje fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet. Gjennom støtte til det lokale kultur-, idrett- og friluftsliv ønskjer Lindås kommune å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og aktivitet. Gjennom eit mangfald skal alle ha høve til gode opplevingar.

Kommunestyret har løyvd kr 2.337.600 til kulturmidlar i 2019.

Kategori	Ramme 2019	Rådmann si framlegg 2019	Avvik
Barn og unge	408.000	313.100	94.900
Kulturvern og samlingar	205.000	205.000	0
Kunstformidling/musikk	618.000	657.900	- 39.900
Idrett	836.000	835.970	30
Andre kulturaktivitetar	220.600	220.600	0
Hauustildeling	50.000		
	Kr 2.337.600	2.232.570	55.030

Om Levekår følgjer rådmann sitt framlegg til tildeling, vil ein ha kr 105.030 (kr 50.000 + kr 55.030) til disposisjon til hausttildeling (aktivitet/prosjektilskot). Frist er sett til 4. august.

Kulturmidlar har vert gjort kjent gjennom «Lindås kommune informer» i fulldistribusjon i Avisa Nordhordland samt på kommunen sine sosiale media.

Saka ble sendt på høyring i tråd med framdriftsplan sendt ut til Lindås idrettsråd, Lindås kulturråd og Lindås ungdomsråd 18.01.19. Saka ble sendt ut 10. april, med frist 26.04.

Lindås kulturråd har sendt svar 29.04.19.

Lindås kulturråd hadde møte onsdag førre veke kor vi mellom anna tok opp kulturmidlane.. Vi har ikkje noko innspel å kome med i denne omgang, det vil bli mykje dei same kommentarane som i fjor.

Det er eit formidabelt arbeid du gjer med handsaminga og oppsett av kulturmidlane. Vi håper verkeleg at det kjem på plass eit godt datateknisk program for kulturmidlane i Alver kommune.

Lindås idrettsråd v/leiar sendte sms 29.04.19.

Ingen innspel frå oss.

Vurdering

BARN OG UNGDOM

Til disposisjon kr 408.000
Rådmann si framlegg kr 313.100

Kategori	Søkt	Rådmann si framlegg
Drift	160.000	104.100
Aktivitet/prosjekt	163.403	80.500
Investeringsstilskot	204.000	128.500
TOTALT	517.403	313.100

DRIFT

Under 19 år	19 +	Grunnbeløp
300 per pers	150 per pers	5.000

For dei laga som utfrå denne utrekninga kunne fått meir enn det er søkt om, får dei ca 75% av søknadssum. Unntak er Samhald 4H som har sendt totalt 6 søknadar. Desse får ca 50%, nokre søknadar noko mindre.

Måndagsklubben

Måndagsklubben starta opp i april 2018. Klubben er ei fortsetjing av det som før var Seim søndagsskule.

Kyrkjeklubben

Kyrkjeklubben er ein klubb i Knarvik kyrkje for personar med utviklingshemming. Klubben har møte 10 gonger i året, kvar 1. måndag i månaden.

Kløvheim søndagsskule

Kløvheim søndagsskule vart stifta i 1915, og har vore i drift sidan Kløvheim søndagsskule.

Dei har

samlingar annankvar søndag, og det er mellom 12 og 15 barn i alderen 4-13 år som deltek.

Dette er den einaste aktivitetstilbodet i skulekrinsen for barn under skulealder.

Osterfjorden sokn

Osterfjorden sokneråd søkjar midlar til fredagskafeen (ungdom 13-18 år, der ein kan vere

medlem utover den tid om ein ønskjer det), Jungelgjengen ((barn 0-12 år) og

søndagsskuletilbod (1-4 klassesteg)

Samhald 4H

Søknaden gjeld drift av Samhald 4H. 4H er ein ideell barne- og ungdomsorganisasjon som er livssynsnytral og partipolitisk uavhengig.

Bygdekinoen på Lygra

Bygdekinoen

Ar framsyning ein onsdag i månaden på Lyngheisenteret. Vidar Myksvoll har dei siste 17 åra drevet tilbodet saman med nokre ungdom i bygda. Det er Bygdekinoen som står for framsyninga, mens Vidar og co tek seg av det praktiske med plakatoppheng, reinhald, bere utstyr og driv kiosk.

For å besøke Lyngheisenteret, skall spelestaden betale eit **fast beløp på kr 1 750** pluss 25 % mva per speledag til Bygdekino, uavhengig av besøkstalet.

Dei fleste framsyningane går med underskot. I dag dekk Lyngheisenteret underskotet, men dette er noko dei med eit pressa budsjett, ikkje kan fortsetja med. Om Lyngheisenteret ikkje dekk underskotet, vil tilbodet opphøyra.

Fritex ungdomsklubb

Fritex ungdomsklubb på Lindås ble etablert i 1986. Tilbodet er for ungdom i 6.-10. klasse, og dei har ope annakvar fredag. Dei har ca 30 ungdommar pr/klubbkveld

Maksklubben Lindås

Maksklubben er eit kristent barnelag for alderen 4.-7. klasse. Dei har samling annakvar torsdag i kyrkjelydssenteret eller i Lindåshallen.

Pinsemenigheten Eben Eser

Junioren i Eben Eser er ein klubb for born frå 3. klasse og oppover. Det er ein aktivitet dreva ut frå pinsemenigheten Eben Eser på Fammestad i Kløvheim skulekrins. Dei har aktivitet anna kvar tysdag i skuleåret

Alversund KFUK-KFUM spedare

Alversund KFUK-KFUM speidarane i Alversund driv etter KFUK-KFUM sine retningslinjer. Dei jobbar med å utvikle barn/ungdoms ferdigheiter og sjølvstende. Dei nyttar seg av naturen og kan også ha prosjekt innandørs, som t.d. knutar, samarbeidsleikar mm. Medlemmene er med på turar, kurs og liknande.

I takt med at laget veks, ser ein behov for meir utstyr og kurstilbod til nye medlemmar.

AKTIVITRET/PROSJEKT

Kyrkjeklubben

Minikonsert med Ingelin Reigstad Norheim 6. mai for medlemmer i kyrkjeklubben og andre interesserte.

Samhald 4H

Samhald 4H har sendt 4 søknadar om aktivitet som dei søkjar tilskot til;

	Søknadssum innstilling	Rådmann si
Styret i Samhald 4H ønskjer å delta på opplæringsprogram i regi av 4H Hordaland i samband med årsmøte i Hordaland. Samstundes skal klubbrådgivarane (vaksne) delta på inspirasjonskurs. Klubbrådgjevaravgift er sett til kr 45.500 i søknaden	kr 45.000	kr 8.000
Kjøp av pil/boge og øks		kr 5.200
kr 0		
Opplæringstur på Akvariet for alle medlemmar	kr 8.200	kr 0
Behov for telt i samband med deltaking på ulike overnattingsarrangement i Hordaland	kr. 18.000	kr 12.000
Totalt	kr 76.40	kr 20.000

Lindås speidargruppe – NYSTARTA KLUBB

Lindås speidargruppe er nystarta og driv speidararbeid på Lindås. Medlemmane kommer frå Lindås, Myking og Hundvin barneskuler

Då gruppe er nystarta, treng ein midlar til kjøp av utstyr, som t.d. loggbøker, merker, knutetau, brannpledd, tennstål og liknande.

INVESTERING

Samhald 4H

Samhald 4H søker midlar til oppgradering av kjøkken i klubblokalet. Dagens kjøkken står fram som utdatert og lite hygienisk

Kløvheim F Ungdomslag

Bygging av teknisk rom med varmepumpe, nye varmtvassberederar, plass til vaskemaskin og garderobe/lager.

Fritex ungdomsklubb

Fritex ungdomsklubb på Lindås er ein klubb for ungdom mellom 6.-og 10. klassetrinn. Klubben ønskjer å kjøpe nytt lufthockeybord med motor, då den dei hadde blei øydelagt i 2018.

Lindås speidargruppe – NYSTARTA KLUBB

Lindås speidargruppe er nystarta. Dei søkjar midlar til kjøp av utstyr til aktivitetar, som t.d. bålpanne, padlevestar, stormkjøkken, leirlavvo og liknande.

KULTURVERN OG SAMLINGAR

Til disposisjon kr 205.000

Rådmann si framlegg kr 205.000

Kategori	Søkt	Rådmann si framlegg
Drift	229.000	117.500
Aktivitet/prosjekt	80.500	52.500
Investeringstilskot	105.000	35.000
TOTALT	414.500	205.000

DRIFT

Nordhordland husflidslag

Husflidslaget arbeida med å fremje god norsk husflid, kulturelt og økonomisk. Dette ved hjelp

av kurs, utstillingar, torgdag, ullveka, temakveldar mm. Nordhordland husflidslag drifrar Husflidens hus i Hillesvåg der mykje av aktiviteten i form av kurs, er lagt.

Lindås sogelag

Lindås sogelag arbeider for å samle, ta vare på og gjera ålment kjent og tilgjengeleg alt tilfang som har å gjera med ålmenn soge, gards- og ættesoge, levevis, folkeminne, stadnamn og mål i Lindås kommune.

Nordhordland veteranbåtlag

Nordhordland veteranbåtlag eig og driv D/S Oster. Oster var ferdig restaurert i 2005, og i om lag 4-5 månadar i året, er skipet i drift. Driftsutgifter omfattar mellom anna slipsetjing for bunnsmurning, forsikring og bunkerutgifter. Laget søkjar m.a. fylkeskommunen og andre offentlege midlar,.

Alversund mållag

Kulturelle tiltak retta mot barn er prioritert. Laget gjev kvart år ei bokgåve til barnehagane og småskuleklassane i området. Laga har også arbeidd saman med andre mållag i regionen for å setja søkjelys på språklege følgjer av kommunereforma.

Lindås bygdeboknemnd

Lindås bygdeboknemnd driv fleire aktivitet, m.a. innsamling av bilete, slektsgransking, intervjuar eldre menneskje som kan belyse kvardagshistoria på Lindås området.

Lindås sjøslusar

Driftsutgiftene er årleg leige av sluseplattung og holme, for å sikre tilgang for allmente, samt løypande utgiftar ved møtedeltaking mm.

AKTIVITET/PROSJEKT

Veteranbusssklubb BNR

I 2011 vedtok styret i Veteranbusssklubb BNR at det skulle samlast stoff til en bok om BNT. Det ble gjort eit omfattande dugnadsarbeid og samla inn mengder med tekstar og bilete. Boka om «A/S Bergen Nordhordland Trafikklag – samferdsle i Lindås og Nordhordland 1920-1972» vart ferdigstilt i april 2018 i 1.000 eks. Klubben har donert nokre bøker til Lindås folkebibliotek.

Det er selt om lag halvdelan av opplaget. Klubben ser at det kan bli slitsamt å få dekkja inn att heile kostnadene av boken. Trykk og forlagsarbeid utgjorde kr 187.000. Sal av boken har førebels innbrakt kr 130.000

Gro Fyllingsnes

Kulturhistorisk kveld på Gamleskulen på Eikanger med foredrag av Eva Røyrane som har skrevet boka om «Klyngetunet». Søkjar eig gamleskulen på Eikanger. Dei jobbar med å utvikle skulen til eit kultursenter i bygda. Dei arrangerer mellom anna kunstutstillingar og kurs.

Gro Fyllingsnes

Husmannsplassen på Vikje er eigd av Lindås kommune. Eikangervåg kultursenter ønskjer å etablere eit minispel med musikk og dramatisering av den siste husmann som budde i Vikje, Hermann Nilsson Eikanger (f. 1883 – d. 1957). Dei har som mål å engasjere profesjonelle kreftar i samarbeid med amatørar. I fyrste omgang skal ein samle inn stoff og utvikle eit spel. Målet er å invitere til spel sommaren 2020. 23. juni 2019 vil ein invitere til arrangement i Vikje med «smakebit» av det ein skal utvikle.

Lindås sogelag

Sogelaga i Lindås, Radøy og Meland i samarbeid med Lyngheisenteret, som prosjektet kopi av åttæringen Austfjordbåten. Båten er tenkt å vere ein representasjonsbåt for nye Alver

kommune og bruksbåt i undervisning for skulane som vitjar Lyngheisenteret.. Båten er planlagt bygt ved Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund. Originalen er frå 1890, bygd av Jon Johnsen Kikall (1853-1924) i Dyrdal/Skår. Byggeskikken er typisk for Nordhordland. Prosjektet vart starta i 2010, men blei av ulike årsakar, stansa i 2013.

Budsjett for prosjektet er på kr 659.000.

INVESTERING

Lindås slusane

Anskaffe bord og benkar, beplanting, avsperre området mot grunneigar for å unngå tråkk på grunneigar si eigedom, lage grillplass, anskaffe brannslukkemateriale, samt sette opp infoskilt

Lygra kai og grunneigarlag

Lygra kai og grunneigarlag er eigar av Meierikaaien på Lygra og kaihuset. Kaihuset var utsett for hærverk og revet ned i april 2018. Planen var at huset skulle rehabiliterast sommaren 2018, etter at sjøve kaien var oppgradert og sikra.

Kaihuset er eit viktig element i det komplette kulturmiljøet som kaien, meieribygget, den gamle vegen dit ned med stabbesteinar representerer.

MUSIKK OG KULTURFORMIDLING

Til disposisjon kr 618.000

Rådmann si framlegg kr 657.900

Kategori	Søkt	Rådmann si framlegg
Drift	858.500	454.000
Aktivitet/prosjekt	419.450	149.400
Investeringstilskot	410.000	54.500
TOTALT	1.687.959	657.900

Det blir gjeve driftstilskot etter følgjande satser

	Grunntilskot	Tilskot under 20	Tilskot over 20
Skulekorps	40.000	300	150
Vaksenkorps	8.000	300	150
Kor	5.000	300	150

DRIFT

Osterfjorden sokneråd

Soknerådet drifter ulike aktiviteter for barn/unge (se søknad under «barn og ungdom – drift») og eldre. Søknaden gjeld Te-Deum kor for vaksne og Osterklang kor for vaksne.

Te Deum er eit vaksenkor som helt til i Ostereidet kyrkje. Dei deltek på gudstenester og andre samlingar, arrangera konsertar og songkveldar.

Osterklang består for det meste av pensjonistar, og oppmøte er svært godt på kvar øving.

Dei deltek på gudstenester minst ein gong kvar mnd, som forsongarar ved liturgi og salmesong. Elles er det konsertar og korkafé utanom kyrkjetid.

Songlaget Alvidt/Manger

Blanda kor på 20 medlemmar som øvar på Knarvik Ungdomsskule. Syng og underheld på sjukeheim, deltar på julekonsertar, nyttårskonsertar. Arrangerar korkafe i Knarvik og på Manger.

Musikkens venner Nordhordland

Skal i følge sine vedtekter arrangere lødig musikk av høg kvalitet. Arrangerer konsertar då innan klassisk sjanger. Arrangerer konsertar saman med profesjonelle musikarar. Har konsert i samband med knarvikmila. Arrangerer mellom 5-10 konsertar per år. Søkjer driftsmidlar då dei smalare konsertane ofte går med underskot.

Lindås Kulturråd

Driftsmidlar

Knarvik Skulekorps

Har 66 medlemmar fordelt på musikantar i hovudkorps, juniorkorps og aspirantar. Hovudkorpset har to faste øvingsdagar i veka, i tillegg til ekstraøvingar, helgeseminar og konsertar. Juniorane har to øvingar i veka og er delt inn i grupper. Aspirantane er delt opp i grupper. Det er kostbart å dele opp i grupper, men det er effektivt då den enkelte musikkant får tilpassa undervisning ut frå sitt nivå. Må låne instrumentar frå andre korps. Korpset skal vera med i Den Nationale Scene si oppsetjing «Korps» Alle medlemmane skal vera med på Hordablesten og aspirantane skal delta på «Vossblås». I juni skal hovudkorpset til NM i Stavanger, med påfølgande turne til England.

Skodvin Skulemusikk

Deltar i konkurransar og spelar konsertar i lokalmiljøet. Held høg fokus p det musikalske og det sosiale. Godt samarbeid mellom dei enkelte gjev grunnlag for godt samspel.

Kløvheim Skulekorps

Korpset har faste øvingar to gangar i veka. 4 helgeseminarar ulike konsertar og deltek p 3 konkurransar årleg inkludert NM. Jobbar kontinuerleg med rekruttering og tilbyr aspirantopplæring. Gje born og unge eit god tilbod i nærmiljø gjennom kvalitet på instrumentpark og høgt fagleg nivå på instruksjon.

Leknes Blåseorkester

Arrangerer seminar, konsertar, sosiale og kyrkjelege aktivitetar.

Ostereidet Skulemusikk

Har musikantar frå Ostereidet barneskule, Eikanger barneskule og Ostereidet Ungdomsskule. Har øving ein dag i veka. Arrangerer 4-5 seminar, to basarar, reiser på to konkurransar og har fleire konsertar i året. Deltok på 17 mai. Er i en oppbyggingsfase og jobbar aktivt med rekruttering frå begge barneskulane.

Lindås Skulekorps

Deltok på ulike arrangement og konsertar, arrangerer basar, deltek på Hordablæsten, landsfestival og NM.

Seim Musikklag

Lavterskeltilbud korps til vaksne. Varierende medlemsmasse både i alder og ferdigheiter. Lage musikk til glede for bygdefolk, andre musikkglade og oss sjølv. Spiller i kirken, på 17 mai og har diverse konsertar i løpet av året.

Strilaringen

Ei folkedansgruppe som skal arbeida for å ta vare p og føra vidare norsk folkedans, folkesong og folkemusikk og verte ei miljøskapande samlivsform. Faste øvinga rein gong i veka, 3-4 dansekveldar i året, fremsyningar i nærområdet, deltek på folkedansfestivalar og arrangerer festivalar i Norhordland med deltaking av utenlandske folkedansgrupper.

Lindås Brass

Vaksne som har tatt hobbyen opp att etter mange års fråver frå skulemusikken. Treng støtte til instruksjon og gruppeøvingar. Dirigentutgifter. Deltok på NM og kom i fjor på 3 plass i 3 divisjon noke dei ynskjer å oppretthalde.

Eikanger-Bjørsvik Musikklag

Held konsertar i inn og utland og deltek på fleire konkurransar kvart år. Deltek på andre korps og orkester sine tilstellingar då på grunn av alt arbeid ein legg ned og bidreg med når det gjeld opplæring og rekruttering av barn og ungdom til skulekorpsa og til andre amatørkorps.

Drift av ungdomsprogram 2019. Engasjerer seg i ungdomsarbeid og jobbar for å opprettholde læring, nysgjerrighet, mestring og utvikling. Dette er avgjerande for rekruttering til vaksenkorpsa.

Oster Brass

Brass bend i 1 divisjon. Medlemmer frå 16-56 år frå heile Norhordland. Gje unge musikantar utfordringar og moglegheiter og engasjere inspirerande dirigentar som skapa reit godt miljø for utvikling. Mål er å vere eit springbrett for ungdom som ønskjer å spele på eit høgare nivå. Har ein bevisst haldning om å skape lokal forankring og tilknytning til kulturlivet i Lindås Kommune. Deltek i NM og Siddis Brass. Treng fleire øvingar og å leige inn fleire instruktørar.

Alversund Kammerkor

Held konsertar og planlegg to store konsertar i år. Tar del i konsertar og med konsertinnslag i gudstjenester i Knarvik Kyrkje, skal delta i TV gudstjenesten 1 påskedag. Planlegg eit prosjekt i september med konsertar i tre kyrkjer, Knarvik, Meland og Manger. Deltek på korseminar.

Alversund Skulemusikkorps

Driftsmidlar

Hjelmås Mannskor

Øving ein gong i veka. Er ein viktig sosial aktivitet for medlemmene og vi skal ha det gøy saman. Opptrer i hovudsak i Norhordland.

Songkoret albatross

Øver ein gong i uka. Syng i kyrkja eller deltek på andre arrangementer som konsertar eller stemner. Skal på rise i år og fremføre prosjekt frå i fjor då dei ble 30 år.

Seim Songkor

Medlemmar frå heile Norhordland. Held eit høgt sosialt nivå. Har gjort intime og stor oppsetjingar og har delteke med gode resultat i tevlinger både nasjonalt og internasjonalt. Vil i r jobbe med prosjekt knytta til renessanse og 80-tals popmusikk. Samarbeid med ungdomsgruppe og profesjonelle aktørar.

Alversund Musikklag

Eit amatørkorps med janitsjarbesetning. Deltek i NM, to NM seminar, sommarkonsert, nyttrskonsert og julekonsert i Alversund. Samarbeider med andre utenfor kommunen for eit variert musikalsk miljø då dei er einaste amatørkorps med janisjarsbesetning i Lindås.

Aktivitets- og prosjekttilskott:

Seim Songkor

LOVE HURTS! Ein teatralsk konsert frå renessansen og 80 talet. Med dirigent Arild Rohde og samarbeid med regissør Ingrid Askvik, perkusjonist Sondre Veland og teatergruppa Musikaljentene.

Norhordland Song og Musikkverkstad

MIDT I LIVET er eit song og lyrikkprogram basert på Bente Bratlund si dikting. Gjennom ord og musikk skildra rein ulike stemningar som menneske kjem opp i. Ynskjer å vitje sjukeheimane/seniorsentre i Lindås med dette programmet. Dekke honorar, reise og diett.

Hardanger Spelemannslag

Stønad til landsfestivalen 2019 i gammaldansmusikk i Ulvik.

Eikanger-Bjørsvik Musikklag

EM for Brass Band 2019 i Sveits.

Seim Ungdomslag

SEIMSTOCK. Festivalhelg på Seim med Woodstock som tema. Vise fram dei sterke musikalske kreftene i bygda og gjera eit arbeid for å samle bygda og Alver til ei felles kulturell oppleving.

Reidar Konglevoll

Jazz på strilamål. Innkjøp av eit lite PA anlegg til bruk der jazz på strilamål framførast. I tillegg vil han spele inn nye melodiar og tekstar i studio. Pensjonist som skrivar tekstar på strilamål til kjende, eviggrøne melodiar frå jazzen sin gullalder. Held konsertar rundt i distriktet.

Seim Musikklag

20 års jubileum 2019. Jubileumskonsert med fest etterpå. Leige av utstyr, lokale og eksterne aktørar. Jobbast med å skaffe sponsorinntekter.

Skodvin Skulemusikk

The Inspirator er undervisning og konsert med internasjonalt velrennomert musikk. Gode opplæringskrefter og inspirasjon er viktig for å skape musikkglede og mestring for den enkelte musikant og korpset som heilhet. Ein vil drive enkeltundervisning, arrangere materclass for dei eldste, samspel med korpset samt avslutte med ein konsert.

Oster Brass

NM kvalifisering 2019. Oppnå målet om igjen vere 1 divisjons korps treng dei ein ekstra øvingshelg med inspirerende instruktørar som kan løfte det musikalske nivået. Leige eit lokale som egner seg godt for akustisk opptak samt peronar med lydkompetanse og opptaksutstyr.

Lindås Ungdomslag

17 mai revy og 17 mai opptreden med dans. Oppsett av forestillingene «Olsenbanden på rockeren» og «Uten en rød tråd».

Hjelmås Mannskor

Kast Loss er ein forestilling som skal setjast opp. Leige av lyd/lysutstyr, 3 musikarar i tillegg til dirigent på piano.

Alverrevy

Slettarevyen, Sæbørevyen, Melandsrevyen, Hjemåsrevyen, Ungdomlaget på Lindås og Ivar Hopland frå Seim, har teke initiativ til å lage ei Alverrevy våren 2020. I samband med revyarbeid, blir det planlagt kurs for alle revy/teaterinteresserte i Alver kommune, både dei som har tilknytning til lag og dei som ønskjer å vere med.

Det er planlagt kurshelg i oktober 2019. Det skal bli gjeve kurs i teatersminke, lyd/lys og teatersport og drama.

Investeringer:

Alversund Musikklag

Midlar til oppussing av toalett der det er feil på varmekablane. Blir brukt som øvingslokale for Alversund Musikklag og Alverflaten Jazzband, styremøter, årsmøter, konfirmasjoner mm.

Alversund Skulemusikkorps

Investering av utstyr til skulekorps.

Skodvin Skulemusikk

Nye pauker noe som vil verte eit økonomisk løft for korpset.

Oster Brass

Støtte til instrumentkjøp. I dag lånar dei utstyr frå Eikanger-Bjørsvik, leige over tid blir dyrt, ønskjer å investere i eget utstyr. Eb-tuba, Bb-tuba og ein baryton.

ANDRE KULTURAKTIVITETAR

Til disposisjon kr 220.600
Rådmann si framlegg kr 220.600

Kategori	Søkt	Rådmann si framlegg
Drift	265.500	105.000
Aktivitet/prosjekt	98.666	21.000
Investeringstilskot	293.000	94.600
TOTALT	657.166	220.600

Drift:

Lindås Revmatikerlag

Trening i oppvarma basseng både for medlemmar og ikkje medlemmar.

Lindås Kyrkjepark

Kulturprosjekt i Lindås og norhordland. Årlege vedlikehaldstiltak av parkområdet.

Vestre Vassbygd Grendahus

Nytta som møteplass for ulike arrangementer, med anna påskelotteri, raspeballmiddag, fjelltur og kjøttkakemiddag, jonsokfeiring, Gudstjeneste fjerde søndag i advent og juletefest. Huset vert også nytta til utleige til ulike private arrangement som til dømes bursdagsfeiring, julebord, barnedåp, konfirmasjon og minnesamvær.

Kløyheim F Ungdomslag

Nyheim Kino fammestad er eigd og vert driven av Kløyheim F Ungdomsslag.

Ostereidet Bygdelaag

Bygdelaaget har årsmøte, styremøter og legg til rette for at det skal vera tilbod og aktiviteter i ostereidekrinsen. Skal fremje interessene knytt til skulekrinsen og tetstaden p ostereidet og arbeider for fellesskapet sine interesser og for at Ostereidet skal vera ein bra stad å bu og ha gode møteplassar.

Lindås Pensjonistlag

Har mange tilbod til seniorar frå 60 år og oppover. Medlemsmøter kvar måned, seniordans i Lindåshallen, bowling, onsdagstreff og førstehjelpstrening. Dei har teaterturer til Bergen, rlege sommarturar, markering av den internasjonale aktivitetdagen og eldredagen samt salmekveld i kyrkja.

Bygdelaaget 5915

Eit fellesorgan for bygdane som soknar til Leiknes skulekrins. Skal vera ei samlande, inkluderande og koordinerande kraft som fremjar heilskapstenking, humør og positiv innsats for bygda. Representerer bygda som høyrings og samarbeidsorgan inn mot kommunen og andre offentlege instansar. Stimulere til frivillig verksemd.

Lindås Indremisjon

Forsamlingshus brukt til oppbyggelege møter. Dei største utgiftene for huset er forsikring og offentlege utgifter. Vedlikehald av hus og inventar. Pålegg om utbedring av det elektriske anlegg.

Romarheim Indremisjon

Romarheim Bedehus nyttast til møter og samlingar og aktivitetar for alle aldrar. Gravferdar til Romarheim gravplass har seremoni p bedehuset. Brukt til minnesamvær. Ein gong i månaden laga rein gruppe pensjonistar raspeballmiddag i bedehuset.

Edru Livsstil Norhordland

Arbeider for en rusfri livsstil og aktiviteter som fremmer bedre helse, kultur, idrett, alkoholpolitiske pressesaker, lagarbeid mm.

Haugatun Samfunnshus

Ungdomslaget sine øvingar og forestillinger. Lokale fester i bygda vert helde her, konfirmasjonar og andre livshendinger. Hovedutgifter er straum, forsikring, alarm og vedlikehald.

Holy Riders Mc Norhordland

Oppussing av klubbhuset-bytte vindauge og renovere kjøkken. Utskifting av varmpumpe på klubbhuset nødvendig samt vedlikehald av huset. Høyt aktivitetsnivå med kafedrift som er kvar tysdag.

Aktivitets og prosjekttilskott:

Hilland Velforening

Nytt dissestativ.

Edru Livsstil Norhordland

Konsert i Knarvik kyrkje til høsten i samarbeid med Bente Bratlund, Kjersti Wiik og Trond Fykse. Konsert «MIDT I LIVET»

Amcar Norhordland

Samarbeid med frivilligsentralen i Lindås Kommune

Landsforeningen for pårørende innen psykisk helse Norhordland

Positive påfyll hos dei som slit. Skifest 2019 p Oset Høyfjellshotell.

Vestre Vassbygd Grendahus

Sal av handlenett. Eit slag for miljøet ved å bidra til reduksjon av plastposar. Selja bærenett av bomull med logo av grendahuset. Utlysa ein logokonkurranse der alle kan vera med å utforma logoen.

Molvik Vel

Bygdehefte for Molvik som inneheld informasjon om kvart gardsbruk, informasjon om alle hytte og fritidsbustader, informasjon om uthus/bygg som har vert i bygda og kart over Molvik med gamle stadsnamn. Bygdeheftet vil dokumentere folks livsførsel fra de tidlegare tider gjennom historie og bilder frem til i dag.

Investeringer:

Haugatun Samfunnshus

Oppgradering av passasjen mellom stove og kjøkken.

Alvermarka Vel

Leikeplass ved ballbanen i Alvermarka.

Vestre Vassbygd Grendahus

Nye bord, treng 10m stykker samt ein tralle til oppbevaring av borda.

Lindås Indremisjon

Oppgradering av EL anlegg. Har fått pålegg av BKK om utbedringer av det elektriske anlegget.

Romarheim Indremisjon

Investeringar lyd og inventar. Treng meir dekketøy og ein oppvaskemaskin.

Ungdomslaget Heimhug

Oppgradering av utstyr. Utbedring av elektrisk anlegg, oppgradering av lyd og lysutstyr, ny varmtvannsbeholder, rullestolrampe ved inngangsdøra, kostyme og sminke.

Hundvingrend Indremisjon

Ny miksepult i storsalen.

Kløvheim F Ungdomslag

Oppgradering av lydanlegg.

Verås Grendahus

Utskifting av gulv og elektrisk anlegg.

IDRETT

Til disposisjon

kr 836.000

Rådmann si framlegg

kr 835.970

Kategori	Søkt	Rådmann si framlegg
Drift	1.195.000	709.670
Drift (ikkje medlem av idrettsråd)	85.000	40.000
Aktivitet/prosjekt	109.800	41.000
Investeringstilskot	376.391	45.300
TOTALT	1.726.191	835.970

AKTIVITETS-/PROSJEKTTILSKOT**FILS/AKS-77**

Klubben søker midlar til treningsleir for alle barn og ungdom i klubben. For at alle skal kunne vere med, dekkjar klubben mesteparten av kostnadene knytt til treningsopphaldet i Strandebarm. Målet med samlinga er eit godt samhald i laget og byggje venskap

Nordhordland ballklubb (NBK)

NBK blei i 2015 sertifisert som Kvalitetsklubb nivå 1. Det er no sett i gang prosess for å bli godkjend som kvalitetsklubb nivå 2.

Eit av dei mest sentrale områder i denne prosessen er kompetanseheving for trenare og leiare, der trenere skal ha minimum C-lisens/grasrottenarkurs og alle styremedlemmar skal minimum ha gjennomført FLK Fotballeiarkurs

Nordhordland ballklubb

NBK feirar 40 års jubileum i 2019. Klubben skal markere dette 15-17 november. Det skal arrangeras ulike arrangement for barna 6-12 år, 13-18 år og for dei vaksne. Endeleg program er ikkje klar.

Nordhordland turlag (NT)

NT startar ny turgruppe som heiter «Klart det går»! Det gir tilbod om tilrettelagt friluftsliv for menneskje med nedsett funksjonsevne av fysisk eller psykisk karakter.

NT har behov for å kjøpe utstyr til denne aktiviteten.

Nordhordland turlag (NT)

NT skal arrangerer «Opptur» for alle på 8. klassesteg. NT sett opp buss til startplass og det blir premiering ved målgang.

Trond Mohn Games

I samband med Trond Mohn fylte 70 år i 2018, ble det teke initiativ til Trond Mohn Games. Arrangementet var ein suksess, så no ønskjer arrangørane å arrangere på nytt i 2019. I 2018 var det løyvd kr 8.000 i kulturmidlar til arrangementet. Bakgrunn at Mohn har betydd mykje for idretten i Lindås og Hordaland. I år er rådmann si framlegg kr 0. Årsak er at vi ikkje kan støtte arrangement i andre kommunar.

NM i landevegssykling

Nordhordland sykkelklubb har fått tildelt master NM (veteran NM) for landevegssykling helga 28-30 juni. Utfrå tidlegare NM kan det forventas 3-400 utøvere frå heile landet, samt støtteapparat. Arrangementet har ei n kostnadsramme på kr 150.000.

Nordhordland pistolklubb

Utandørs skytebane i Radøy

FIL Aks77

Bygge lesskur ved kastebanen i Knarvik for å gi lys for regn og vind for utøvere under trening og stevner

Nordhordland bokseklubb

Bygge samanleggbare boksering og slagsekkar i treningslokalet

Lindås skyttarlag

I samband med tilrettelegging av nytt standplass, må skiveanlegget flyttast. Dette krev nytt fundament, kulefang og innbygging og neslag.

Alver klatreklubb

Klubben skal flytte mesteparten av verksemda til den nye klatrehallen på Knarvik barneskole. Dei forventar stor vekst i interesserte og ønskjer å utvide tilbodet sitt. I samband md dette er det behov for meir utstyr.

.....